

Styremøte Herand bygdelag 6.12.2016 kl 19

Desse møtte: Gunnar Dalseth, Olav Strømsnes, Kenneth Vikane, Sigmund Eiken, Kaia Gulbrandsen, Una Eiken

Meldt forfall: Lars Sæverhagen, Marit Huus

Sak 2016.83 Godkjenning av innkalling

Ingen merknader, godkjent.

Sak 2016.84 Godkjenning referat frå førre møte

Ingen merknader, godkjent.

Sak 2016.85 Førebuing av basar

Bygdelaget kjøper eit VISA-gåvekort som kan brukast i alle butikkar. Det er kome inne ein god del gevinstar, men det er ein del bedrifter som har bidrege før som må kontaktast. Loddsal er organisert, også basardagen.

Sak 2016.86 Samarbeidsmøte

Koordinerings- og samarbeidsmøte mellom laga i bygda vert 24-01.17. Ein bør spesielt invitere representantar for dei ulike lagshusa i bygda for å informere om utleige av sine hus. Leiar sender ut invitasjon.

Sak 2016.87 Økonomisk status

Laget har midlar til å dekke venta utgifter fram til ein får utbetalt midlar som er tildelt knytt til prosjekt ein har gåande, m.a. taket på båtbyggjarnaustet. Sigmund skriv ein sluttrapport for dette arbeidet. Det er også utestående midlar løyvt til kjøkenet i kulturhuset som ein kan be om å få utbetalt, leiar organiserer det.

Sak 2016.88 Forsikring

If var ikkje villig til berre å forsikra Meieriet i sommarmånadane. Det var likevel 10 000,- å spare på ei delt løysing mellom If og Gjensidige for respektive Meieriet og Kulturhuset. Styret er positive til å justere ned forsikringa frå Meieriet til mindre enn full-verdi før neste forfall og slik redusere premien meir, fordi vi reknar med å ikkje få løyve til å oppføre eit nytt hus på same plass om Meieriet skulle gå tapt.

Sak 2016.89 Liv&Lyst

Søknad på forprosjekt er sendt

Sak 2016.90 Årsplan 2017

Styremøte andre tysdag i månaden

Årsmøte 26.03 kl 17.00

Herandshelg 24. – 25- Juni

Bygdebladet kjem 01.02., 01.05., 01.09., 01.12.

Webside kurs, dette vert lufta på samarbeidsmøtet

Leiar sender ut protokoll årsmøte, og minner valkomiteen på å organisere sitt arbeid.

Sak 2016.91 Eventuelt

Ingen saker innmeldt.